

Naust ikkje som utleigehytte?

28.01.2015

Forvaltningskomiteen skal neste onsdag behandla ein sak som kan føre til at det ikkje vert gjeve dispensasjon slik at uskedelingen Oddbjørn Kroka kan bruke eit naust som utleigehytte. Naustet ligg i Mauranger. Rådmannen går i mot og viser til at fordelane ved å gi dispensasjon ikkje vil vera klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Historikken fortel mellom anna at det i 1997 vart gjeve løyve til hyttenaust vegg i vegg med det omsøkte naustet. 10 år seinare vart det gjort vedtak om ikkje å gje dispensasjon til oppføring av hyttenaust og året etter vart det gjeve løyve til byggjing av naust etter dei opprinnelege teikningar. Det er også andre hytter på Kroka som vert utleigd og søkjaren vil utvida kapasiteten for å auka inntekta på garden. Tiltaket ligg i naustområde i kommuneplanen.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen